

## Til eventyrland

Frå rumpa på elefantstatuen faldar det seg ut ei trapp.

Der kjem Toni Invento.

«Han har lurt oss heile tida,» ler onkel Ola.

«Så flott at de klarte både reisa og løysinga,»

seier Toni Invento.

«Kva er oppfinninga?» spør Ina.

«Mi nye oppfinning står der,» seier Toni Invento og peiker mot elefanten på scenekanten.

«Med denne elefanten kan de reise inn i bøker og forteljingar. Du vel ei historie du vil vere med i, og så – vosj! – suser du inn i dei mest fargesprakande eventyra. Skriv inn i datamaskinen til elefanten kvar du vil dra, så dreg de dit. De kan dra til eventyret om Oskeladden som kappåt med trollet. Eller de kan dra til boka Høgare enn himmelen og bli venner med Mari og frøken Kjær.»

«Dette er jo utruleg,» seier onkel Ola.

«La oss teste ut maskinen no.»

«Ikke eg, eg vil heim og leggje meg,» seier Ina.

«Eg er med,» seier Sam. «Er du heilt sikker, Ina?» seier han.

«Ja vel, da, masekoppar. Dersom de lover at det berre blir éi bokreise!»

«Vi lover,» seier Sam og onkel Ola.

Kva trur du skjer med Ina, Sam og onkel Ola no?

Ja, det er eit heilt anna eventyr!

Og det kan du dikte opp sjølv.

### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 209.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4 og 5.

